



NVE

Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen <input checked="" type="checkbox"/> Ja

Personopplysninger
Navn SIGMUND BJARNE HANSEN
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? <input type="checkbox"/> Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 201913014	Sakstittel Revisjon av konsesjonsvilkår - Røldal-Suldalsvassdragene

Høringsuttalelse
<p>Høringsuttalelse</p> <p>Eg viser til folkemøte i Røldal 11. juni 2024.</p> <p>Der uttalte Jakob Fjellanger frå NVE, som svar på spørsmål frå meg, om NVE i sitt arbeid med å revidera vilkåra for framtidig drift av RSK ville leggja vekt på dei sterke lovnadene talspersonar frå ei rad parti på Stortinget gav til vertskommunane Ullensvang og Suldal, pluss lokalsamfunna (Røldal og Øvre Suldal) den gongen Hydro og Lyse fekk heile det gigantiske kraftanlegget via sitt nye selskap Lyse Kraft DA.</p> <p>Fjellanger svarte bekreftande. Eg forstår at NVE fastset kraftgrunnlag og fordeling av konsesjonskraft.</p> <p>"Dere skal bli hørt. Kommuner og innbyggere SKAL (mi utheving) bli hørt i den pågående vilkårsrevisjonen i Røldal og Suldal", uttalte energiminister Terje Aasland i eit intervju i Hardanger Folkeblad og Haugesunds Avis 14. februar 2023. Han peika i ein stortingsdebatt om saka at "alle vilkår i konsesjonen kan endrast"!</p> <p>Under debatten om Sofie Marhaug (Rødt) sitt forslag til Stortinget om "full, ny gjennomgang av vilkårene for kraftproduksjon i området" gav politikarar frå fleire parti som avviste forslaget uttrykk for at dei støtta sterke tiltak som må koma lokalsamfunnet til gode. Ole Andre Myhrvold (Sp), Ola Elvestuen (V) og Ove Trellevik (H) talte alle varmt for eit næringsfond for vertskommunane. Og Terje Halleland (Frp) uttalte følgjande: - Det skal koma eit vedtak som kjem Røldal til gode og DET SKAL OGSÅ VURDERAST ØKONOMISKE VILKÅR (utheva av meg). Birgit Oline Kjenstad (SV) sa at Røldal "har rett til oppretting av traumet bygda blei påført etter kraftutbygginga". - Det er blitt gjort stor urett mot kommunane Ullensvang og Suldal, sa SV-representanten.</p> <p>Eg har vore hytteeigar i Valldalen i snart 40 år og ser at tilgongen til dalen, som grunneigarane i konsesjonsvilkåra i 1962 fekk skriftleg, at dei kunne bruka dalen som før neddemminga, er ein illusjon.</p>

Mitt forslag : NVE må krevja at Lyse DA byggjer tunnel frå Øverlandsstølen (ved demninga og inn til Grytingsstøl). Vegen innover dalen er livsfarleg sommarstid og stengt vinterstid. Den har aldri vore geologisk vurdert. Ferdsel på isen vinterstid er no avgrensa til nokre få dagar, ettersom kraftselskapet tappar og gjer isen ufarbar. Ei alternativ snøscooterløype over nutane er i store deler av sesongen direkte farleg. Her har skjedd fleire uhell og tidlegare konsesjonær Hydro har innrømna at snøscooterløypa ikkje kan vedlikehaldast, for at det blir for farleg for mannskapa deira! (HMS).

Dermed blir fri tilgong til eigedomane i Valldalen ein illusjon. Enten ein godt vedlikehaldt, sikker veg, pluss tunnel, er einaste varig løysing. Det vil kosta dyrt, men her blir det årleg produsert milliardverdier i straum og ein avtale er ein avtale....

Næringsfond bør stå i høve til kva vertskommunane mista ved at dei gjekk glipp av ein tredel av kraftproduksjonen då heimfallet av RSK til staten, etter at Hydro hadde hatt krafta i 60 år, i 2022, blei stoppa og krafta blei i staden gjeve til Lyse/Hydro på "ubestemt tid". Eit næringsfond bør i utgangspunktet minimum tilsvare 1/3 av årleg produksjonsverdi og det må sjølsagt indeksregulerast kvart år.

Veg, sikker framkomst til eigedomane i dalen året rundt, næringsfond som ikkje er symbolsk, må vera eit minimum ved denne vilkårsrevisjonen. RSK-saka er heilt unik i norsk krafthistore - ingen andre har fått hand om slike kraftressursar på "ubestemt tid" utan at vilkåra har vore avklara på førehand.

Pluss at Novlefossen må opnast opp att. Om fem-seks år køyrer turistane i tunnelen Seljestad - Røldal og kjem ut or fjellet like nedanfor Novlefoss. I dag tørrelagt. Ein stor turistattraksjon om fossen på ny blir opna.

Mvh

Sigmund Hansen

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder